



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato
26.06.2017
Deres dato

Vår referanse
2016/13008 421.53
Deres referanse

Helge Vatshelle
Hindenesvegen 134
5993 OSTEREIDET

Tilsegn om tilskot -Lindås - Bygging av landbruksveg - Olstjørnvegen 3 - Helge Vatshelle

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Olstjørnvegn 3 skogsveg klasse 4 datert 24/8-2016.

Vedtak:

Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 90.000,- til Olstjørnvegen skogsveg. Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1/7- 2020.

Vi gjer merksam på at:

- Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 150.000.-
- Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på kr 800,-per meter veg for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskotsgrunnlag på kr 150.000.- der 100% er skog
- Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.
- Veganlegget er med dette ferdig løyvd.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Det vert vist til «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket, §5 Tilskudd til veibygging».
- Og til «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldande frå 1. februar 2016.

Vilkår

- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklasse det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir tilfredsstillande forynnga, slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.

- Veglaget skal leggje fram byggjeplan godkjent av kommunen før tilskot vert gjeve.
- Det skal ligge føre anbod og normalkontrakt for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Vegen skal godkjennast før grusing

Utbetaling

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1/7-2020
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.

Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ